

## Årsmelding for Austevoll Idrettsklubb 2022

Hovudstyret i Austevoll Idrettsklubb er sett saman av valde representantar frå gruppene våre + leiar.

### **Hovudstyret 2022**

Leiar Morten Mortvedt

Nestleiar Torbjørn Karlsen

Anita Aasebø

Trond Heggstad

Linn Benedicte Johansen Våge

Hanne Haugland Østervold

Svein Harald Haukanes

Varamedlemmer Gøta Natås og Ole Inge Møgster

Valkomiteen: Sigve Drønen - leiar, Ina Tøkje, Katrine D. Ringdal, Kjetil Kolbeinsvik er vararepresentantar.

Kontrollkomiteen: Svein Arne Kalvenes og Irene Kaland, Gunnar Heimark er vararepresentantar.

Revisjon: Advisor Revisjon AS - Ann-Mari M. Juvik.

### **Tilsette i Austevoll Idrettsklubb.**

Dagleg leiar Anne Berith Drønen har vore i 100% stilling og har delteke på hovudlagsmøta, fram til august. Då overtok Lena Bjørøy jobben. Ho har hovudansvar for drift av klubben og drift av Austevollhallen for Austevoll kommune. I tillegg driftar ho lågterskeltilbod.

Annette Horne Tøkje har 30% stilling i administrasjonen, med ansvar for symjing.

Anders Tøsse har 30% stilling som administrativ leiar i fotballgruppa, og i tillegg har han 5% stilling i fotballfritidsordninga (FFO)

Trond Fredrik Ludvigsen har 70% stilling som sportsleg leiar, FFO, storhallprosjektet og er trenar for A-laget.

Kjetil Stensland er tilsett i 10% stilling på A-laget.

I tillegg har fotball og symjing nokre ungdommar som trenarar på lønningslistene sine.

### Medlemmar:

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2022 684 medlemmer, dette er ein nedgang på 22 medlemmer. Medlemstalet er avhengig av kva aktivitet dei ulike gruppene har. I 2022 var januar og februar råka av koronarestriksjonar. Etter det har vi hatt normal aktivitet i klubben, og vi jobbar for og få opp igjen medlemstala til det dei var før pandemien. Mange av våre medlemmer er med i fleire grupper i klubben, noko som er viktig for allsidigheit.

Av medlemsmassen vår er det ca. 54% menn og 45% kvinner. Fotballgruppa vår er den største gruppa med 391 medlemmer i 2022.

	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Kvinner	28	151	77	3	51	310
Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Menn	19	157	113	16	69	374
						684

### Styret og klubben sitt arbeid:

I 2022 har Hovudstyret hatt 6 styremøter. Det vart handsama 43 saker. I tillegg hadde me ei hastesak i september som blei handsama via telefon.

### Klubben har i år hatt desse gruppene:

Badminton, Fotball, Klatring, Volleyball, Skøyter, Turn, Symjing, Friidrett og Allidrett/ barnetrim.

### Fellesprosjekt i Austevoll Idrettsklubb:

I 2022 har vi hatt 8 gonger med open hall. Den eine dagen var det for ungdommar, denne blei arrangert av dei tre som vi hadde på Leiarkurs for ungdom.

### Økonomi (med atterhald)

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2022:

Driftsinntekter:	kr 5 068 822
Driftskostnader:	kr 5 480 577
Driftsresultat:	kr -411 755
Årsresultat:	kr -378 221

Medlemskontingenten utgjorde kr 834 061 og utgjør ca. 16,45% av alle inntekter. Austevoll Idrettsklubb har eit lån på spelemidlane på Austevollbadet på kr 1 392 000.

### **Anlegg:**

I mai 2022 blei arbeidet med oppgradering av Austevoll Idrettsanlegg fullført. Etter mykje forseinkingar var det godt og endeleg få jobben gjort, takka vere god jobb frå friidrettsgruppa og kommunen.

I september fekk vi omsider lysharen vår, som einaste anlegg på Vestlandet.

### **Arrangement 2022**

- 6 februar Open hall
- 19 mars Open hall
- 12 april Open hall
- 5 mai Austevollmesterskapet
- 26 juni Open hall
- 27 juni-1 juli Sommarskule
- August Fotballskule
- 24 september Austevolløpet
- 1 oktober Open hall
- 22 oktober Austevoll serien
- 19 november Open hall/klubbdag
- 30 november Open hall ungdommar
- 28 og 29 desember Julecup
- I tillegg har vi hatt open dag for Miljøhelsetjenesta i kommunen nokre gonger i år.

### **Støttespelarar**

Mange verksemder i Austevoll og utanfor er med å støtta vårt arbeid i klubben. Ein del støtter ei gruppe, medan andre støtter alle gruppene våre. Vi er takknemleg for alle som hjelper som sponsorar på drakter og klede, som støttar med skiltreklame, som gjev gåver til klubben, gjev støtte til å dekke lån og avdrag, og dei som sponsar produkt til våre arrangement.

Alle som tippar kan velja å gi 7 % av omsetninga til ein organisasjon.

Austevoll Idrettsklubb hadde 344 spelarar som støtta klubben i år. Desse pengane går til å vidareutvikla anlegga våre og er tidlegare brukt til friidrettsanlegget, skifta til kunstgras på grasbana, oppgradera klubbhuset og skifte av golv i hallen. Vi vil gjerne kunne halda fram med å bruka desse midlane til fellesskapet.

Vi ha også i år hatt mange som har gitt oss tilskot/støtte: Gjensidigestiftelsen, SIM, Vestland Fylkeskommune, Sparebanken Vest, Fjord 1, og Hordalandsalliansen. I tillegg har vi fått et

flott bidrag frå Austevoll Kraftlag til Storhallen. Laco støtter oss med å betale renter for lånet vi har på bassenget.

Austevoll kommune er og ein god og viktig økonomisk støttespelar for AIK. Vi får idrettsmidlar, koronamidlar og andre tilskot ein søker på. Saman jobbar vi mykje betre enn kvar for oss.

### Gruppene

**Turn** - Her har vi aerobicdamene våre. Nokre spreke damer med lang livserfaring, som veit kor viktig det er å halda seg i form. Dei har heldigvis ikkje gitt opp treninga etter pandemien, og starta opp med frisk mot så snart dei fekk lov igjen.

**Allidrett 1.- 4. klasse** - her er det Malin Hatlevik, Janne Jacobsen, Aud Iren Troland, Cecilie Farningham og Emilie Holmefjord som har vore trenarar. Dei har hatt 30 medlemmer med seg frå i haust.

Allidretten er eit lågterskeltilbod , der ein får prøva seg på mange forskjellige idrettsaktivitetar.

**Barnetrim 0-5 år** Barnetrimmen er i hovudsak frileik der føresette er med. Dei har trening i Austevollhallen kvar tysdag. Dei som har hatt barnetrimmen i haust er Marlen Waage Drivenes og Gunn Torill Bjånes.

**Skøyter**- dei hadde Austevollsprinten på Slåtthaug i desember, dette er ein tradisjon som har vore gjennom mange år. Dei har ingen aktive utøvarar.

**Friidrettsgruppa** har fått ein del nye medlemmer, etter god jobb frå engasjerte Svein Harald Haukanes. Dei har planar om å reise på litt forskjellige stemner fram øve.

**Volleyball** har fått eit mix-lag opp og gå no i haust. Marie Dåvøy og Andreas Karlsen er primus motor for desse, og gjer ein god jobb. Spennande å sjå om da blir noko arrangement frå dei i 2023.

**Symjing** - Gruppa har hatt både livredningskurs og trenarkurs i Austevollbadet. Linn Benedicte Våge takka av som leiar i mars og ny leiar tilrådte 15. mars. Den nye leiaren er Cathrine Nøttveit, som tidlegare har vore med som styremedlem i symjegruppa. Annette H Tøkje jobbar som administrativ leiar, mens Linn Benedicte Våge og Tomas B Reikvam også er med i styret. Geir Johannessen trakk seg ut av styret i haust, men er framleis instruktør og med oss der.

Året 2022 blei eit suksessår utan like! Vi har hatt mange gode prestasjonar og kvalifikasjonar som ingen kunne drøymt om. Det å kunne stille med 2 symjarar til NM i frå Austevoll er ein stor prestasjon og historisk. Vi er utruleg stolte av desse symjarane og håper på god rekruttering fram øve sånn at vi framleis kan vere med i norgestoppen.

**Klatring**– gruppa opplever ei stor auke i interesse for klatring. Born, ungdom, unge vaksne og godt vaksne er klare for eit år med klatring. Mykje kjekk aktivitet i gruppa med ivrige klatrarar i alle aldrar.

Vi har fått i gong arbeidet med nytt buldrerom, etter god jobb frå Per Erik Hansen og Veronika Møgster. Dette blir eit spennande prosjekt, som vi gler oss til og få på plass.

**Badminton** Heldigvis har gruppa framleis eit godt og spanande rykte på seg, og nye og nysgjerrige utøvarar har kome til i løpet av hausten. Per i dag har gruppa 40 deltakarar fordelt mellom 26 barn/ungdom og 14 vaksne.

Framleis har badminton 4 treningar i veka i idrettshallen fordelt mellom 2 treningar for barn og ungdom og 2 treningar for vaksne. Utøvarar som tidlegare konkurrerte på nasjonalt nivå, har reist vekk for å gå på skule. Vi deltek kun på lokale turneringar per no, men har ambisjonar om å få utvikla nye utøvarar nok til å kunne delta på nasjonalt nivå igjen. På dei to turneringane vi har delteke på i haust, vart det fleire medaljar med heim i bagasjen, deriblant fleire gull.

**Fotballgruppa** Etter to år med korona var fotballen endeleg tilbake til normalen i 2022.

Om ikkje treningsaktiviteten hadde vore stor tidlegare, så var det i 2022 full rulle med store og små på anlegget til langt utover kveldane.

Cupdeltagelsen til våre aldersbestemte lag må i år ha vore rekordhøg, alle ville på cup. Vinterserien kom i gong igjen, da blei Austevollserie, og «normalt» seriespel blei sparka i gong.

De tradisjonelle lokale cupane var godt bekledd med oransje drakter, og fleire lag var på Voss og Sogndal. G-2007 var på Dana-Cup.

Hautsesongen blei innleia med fotballskule i august, og 200 gutter og jenter i barneskulealder hadde to flotte dagar saman med flinke og engasjerte instruktørar.

I oktober arrangerte AIK Austevollserien, denne gongen utan nedbør.


Vi er takknemleg for at vi har så flotte og flinke trenarar som brukar store delar av fritida si på anlegga våre. Tusen takk for den flotte jobben de gjer!

Tusen takk til alle samarbeidspartnarane våre som har hatt vilje og høve til å støtte oss i utfordrande tider.

Austevoll IK har mange medlemmar og målet er at alle skal trivast i klubben. Om ein berre vel å trene eller om ein ønskjer å satsa, skal det uansett vera plass til alle.

Administrasjonen takkar alle frivillige og medlemmar for innsatsen i dette idrettsåret!

Storebø 15.02.2023



Morten Mortvedt, leiar



Lena Bjorøy, dagleg leiar